

## Notat

**Til:** Fylkesutvalet, møte 30.september 2015

**Frå:** Fylkesrådmannen

### Framlegg til opplegg/program for opplæring for folkevalde 2015-2019

#### Bakgrunn for saka

Med bakgrunn i ein tidlegare konsultasjon i fylkesutvalet (FU) kjem fylkesrådmannen no attende med eit framlegg til opplegg/program for ei opplæringsssamling for folkevalde for perioden 2015-2019. Målet bør vere å lage eit opplegg/program som vil kunne fungere som opplæring for nye folkevalde, samstundes som det vil kunne vere ei oppdatering for dei som har hatt verv tidlegare.

Fylkesrådmannen ønskjer å vise det store bilete; eit rammeverk som vil kunne vere til nytte i arbeidet som folkevald, samt informere om rutinar og ein del praktiske tilhøve som ein bør kjenne til. Fylkesrådmannen legg til grunn at dette skal vere ei overordna orientering og at opplæring som er meir sektorspesifikk og fagleg retta vil bli gitt i dei enkelte utvala.

Opplæringa kan gjennomførast anten som ein eigen dag, som del av politikardagen som er tillyst 23.november 2015 eller kanskje som ein kombinasjon av dette.

Dette notatet er ei skisse for å vise struktur og innhald i ei slik samling, og det blir lagt fram utan tilråding for drøfting i fylkesutvalet.

#### Fylkesrådmannen ønskjer ei drøfting i fylkesutvalet om:

- Dette er rett tilnærming – eventuelt framlegg til justeringar.
- Tidspunkt for opplæringa.

#### Avgrensing

Notatet tek ikkje opp opplæring innanfor IKT. Det er bestilt nye pc'ar til alle representantane i FT. Desse vil bli utdelte ved konstitueringa og fylkesrådmannen legg opp til at nødvendig opplæring vil bli gitt då.

#### Skisse for opplæringa.

Nedanfor følgjer ei skisse som fylkesrådmannen ser for seg at vil kunne danne ramme for samlinga:

- 1) Folkevald: Roller og ansvar
  - a. Representere innbyggjarane
  - b. Styringsrolle/ansvar
  - c. Leiारrolle/ansvar
  - d. Arbeidsgjearrolle/ansvar
  
- 2) Politisk organisering
  - a. Fylkesting
  - b. Fylkesutval
  - c. Hovudutval
  - d. Kontrollutval

- 3) Administrativ organisering
  - a. Fylkesrådmannen
  - b. Sektorane/avdelingane
  - c. Tenesteeiningane
  - d. Delegeringsreglementet
  - e. Folkevalde sine kontaktpunkt i administrasjonen.
  
- 4) Regionreforma
  
- 5) Økonomi
  - a. Status
  - b. Utfordringar
  - c. Arbeidsformer
  
- 6) Regional planlegging
  - a. Føringer for og innhald i planlegginga
  - b. Arbeidsformer
  
- 7) Eigarskapsarbeidet
  - a. Status
  - b. Arbeidsformer
  
- 8) Juridiske tilhøve
  - a. Norsk lovgjeving
    - i. Kommuneleva
    - ii. Offentleglova
    - iii. Forvaltningslova
  - b. Ugildskap
  - c. Teieplikt
  - d. Forfall
  
- 9) Praktiske forvaltningsspørsmål
  - a. Reiserekning
  - b. Utlegg
  - c. Tapt arbeidsforteneste